



Kloakkreinseanlegget på Børnes er klart for tilkopling av kloakkledningane via fjorden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No nærmar det seg avgjerd for neste etappe i arbeidet med kloakk-sanering i Uskedalen. Avdelingsingeniør Sigbjørn Øye opplyser til uskedalen.no at avgjerda om kven som skal få entreprisane vil bli teke om rundt to veker.

Sjølve reinseanlegga på Børnes og Korsnes er forlengst fullført og det neste som skjer er at kloakkledningar blir lagt frå dei sentrale delar av Uskedalen, gjennom fjorden og fram til reinseanlegget på Børnes.

Det er to anbod - eitt for grunnarbeid for ledningane på land og eitt for ledningane som skal føra kloakken til Børnes.

I utgangspunktet var sju-åtte firma interesserte og torsdag i veka som gjekk var fire firma innkalt til avklarings- og forhandlingsmøte i Rådhuset.

To av dei var interesserte i grunnarbeids-delen - det var Dale Entreprenør i Dalekvam og G. Røsseland Entreprenørforretning på Husnes.

To av dei var interesserte i leggjinga av sjøleidningane . det var Rør Dykk i Hagavik og IMC Diving i Sandviken i Bergen.

Av Ola Matti Mathisen